



Rogaland

Referat frå styremøte 18.02.25

Til stades: Ingrid, Rita, Margrete, Astrid, Anne Kristine (skjerm) og Åse-Berit
Meldt forfall: Anna Laurentse, Roar, Reinert, Bjørg, Gro Mabel

Sak 01/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjende

Sak 10/2025 Gjennomgang med ordstyrarane på distriktsårs møtet
Begge ordstyrarane var forhindra frå å møta.
Vedtak: Arbeidsutvalet gjennomfører møtet med ordstyrarane

Sak 02/2025 Gjennomgang av referat frå førre styremøte
Det er vanskeleg å vita kor mykje skal ein referera frå arbeidet i sonene, men det er lurt å ta med det som er aktuelt, eventuelle spørsmål og/eller noko som er veldig stas.

Retting: Det er Skjold bygdekvinneLag som skal ha møte om KI.

Vedtak: Referatet vart godkjent med retting

Sak 04/2025 Økonomioversikt
Orientering om økonomien pdd.
Rekneskapet er godkjent av revisor, og me går med overskot. Det er veldig godt å vera to om økonomien. Me har fått støtte frå Rogaland fylkeskommune og momsrefusjon.

Sak 06/2025 Årshjul januar (denne månaden)/arbeidsplanen:

- Oppsummering RBK sitt arbeid, jf. det som blir lagt inn i årsmelding inkludert oppsummering gjennom Facebooksaker frå lokallaga
- Årsmøte; me har fått fleire sponsorar. Det har ikkje kome forslag til resolusjon frå lokallaga, og spørsmålet er kor mykje effekt ein slik resolusjon har. Etter litt diskusjon, vel me å ikkje bruka tid på det. Lista over lokallagsleiarar skal vera korrekt, og vert lagt inn i årsmeldinga. Nokon vil trykkja årsmeldinga på trykkeri, men me vel ein litt billegare variant.
Vedtak: Årsmeldinga blir kopiert opp av skrivaren
- Forslag til arbeidsplan 2025-2026, sjå vedlegg 2
Leiarmøte i april/mai: Felles informasjon for alle leiarane, og om samarbeid med valnemnda. Valnemnda bør vita kva slags verv som trengs i det nye styret. Det kan vera lurt med desentralisert styremøte av og til
Vedtak: Arbeidsplanen er godkjent som sak på årsmøtet
- Forslag til neste års distriktsårs møtearrangør: Suldal, Erfjord, Sand og Ropeidhalvøya står for tur, og Ingrid tar kontakt med Erfjord bygdekvinneLag v/Anny Skaar Myrvang.

Sak 03/2025 Refertsaker/ev. oppfølging av lokallaga:
Ingrid: Har farta rundt på jubileumsfestar, delt ut *på* gåver (blomar og konfekt), styret har fått skrøyt. Fine jubileumsfestar, men ulike
Åse-Berit: Arbeider med årsmelding og å få sendt ut rett papir til rett tid
Anne Kristine: Trur dei har kontroll på årsmøtet. Det kan fort gå godt! Klokka går fort til halv 11 på festkvelden...
Rita: Har jobba mykje i to jubileumskomitear og med rekneskap og budsjett. Fint

å ha kontroll på kvar ei krone

Astrid: Har vore på Nærbø på fest, sonemøte på Sand der alle fekk nummer til bordplasseringa, god stemning. Styremøte i bondelaget der dei planla årsmøtet sitt, og er med og planlegg sonemøte på Jæren 6. mars

Margrete: Har vore på sonemøte på Sand, der alle fem lag presenterte sitt lag, underhaldning

Studieforbundet v/Rita: Førebur årsmøtet 2. april, er med i valkomitéen.

Studieforbundet har bestemt at det skal vera ein regionalt organisert del.

Husflidlaget er størst, men det er mange frivillege organisasjonar med. Dei vil ha ein kontakt inn i RBK, og framover blir det på e-post når Rita går ut

Eventuelt

a) Årsmøtet og tidlegare leiarar

I invitasjonen stod det berre om festmiddagen, men kan dei få dekkja overnatting?

Vedtak: Dei får dekkja overnatting i tillegg til festkvelden

b) Årsavslutning og revisjon - utgifter til godkjenning av rekneskap. Dette blir lagt inn i budsjettet.

c) Eit arbeidsmøte før årsmøtet: Tysdag 18. mars kl. 12.00 for dei som kan.

Åse-Berit har kopiert opp og har levert retningsliner for årsmøtet, årsmelding og program/dagsorden/saker på årsmøtet

d) Styremøte etter årsmøtet: Tysdag 8. april

Åse-Berit Fidjeland
(skrivar)